



Bente tok i mot utfordringane på ein flott måte. (Foto: Kari Anne Halvorsen)

**Frå torsdag til søndag deltok Bente Halvorsen på Gult musikksummerkurs i Ølensvåg saman med 37 andre ti- og elleve-åringar. Søndag middag var det dukka for avslutningskonsert for fullsett sal.**

Avslutningskonserten var forrykande og eit godt besvis på at både kursdeltakarane hadde jobba knallgodt den korte tida dei hadde vore samla.

Arbeidet gjennom kurset var knytt til musikkspillet 'I Dovregubbens Hall', Ved hjelp av flotte kostymar og kulissar, effektfulle lyd- og lyseffektar laga dei ei flott ramme for avslutningskonserten. Musikken var innom mange ulike sjangrar og vart framført på framifrå vis.

Den trolske stemninga dei skapte, tok oss alle med inn i Dovregubbens Hall. Det var heilt imponerende, kunne vår kjelde fortelja. Sjølv sagt fekk dei unge musikanane velfortent trampeklapp!

Bente tok og utfordringa og hadde solistoppgåve. Det gjorde ho på ein veldig flott måte. Vi er imponert over den unge jenta som reiser på kurs åleine og står fram og tar utfordringar på ein så flott måte. Bente var på sommarkurs i fjor også.

Mangeårig leirsjef Rune Roness var både blid og opplagt ved avslutninga av kurset. Han kunne fortelja at også alt utanom det musikalske hadde fungert perfekt. Han hadde hatt ei flott sosial oppleving, og det var han sikker på at dei unge kursdeltakarane også hadde hatt. Han måtte berre sei seg fornøgd med absolutt alt!

Frå Kvinnherad deltok også Simon Bewer frå Rosendal skulekorps og Susanne Herskedal frå Husnes skulekorps.

Av Thor Inge Døssland